

Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag



Grunnleggande krav frå SFBS.

- **Botnfrådraget**
- **Forvaltning av jordbruksareal**
- **Overproduksjon og import**
- **Kornareal**
- **Agroøkologi**
- **Økologisk**
- **Stukturtillegg**
- **Ulike kravområder.**

Botnfrådraget

I fjor ville regjeringa heve bornfrådraget til 8000 kroner. Dette blei stoppa av faglaga. SFBS meiner botnfrådraget må vekk.

Frå SFBS, vil vi krevje at bornfrådraget skal bort. Botnfrådraget på 6000 kroner er ikkje med på å halde fast på små bruk. Vi vil i fyrste omgang krevje botnfrådraget ned på 3000 kroner. I neste omgang få bort heile botnfrådraget.

Forvaltning av jordbruksareal.

Nedlagd jord, bør komme inn som ein del av beredskapen.

For å få nedlagd jord i bruk, ynskjer vi i SFBS å krevje ein beredskapssum, for oppretthalding og drift av alt jordbruksareal.

Dei to siste åra har vist oss, at vi må ha ein viss beredskap i planteproduksjon. Vi må også, respektere dei ulike geografiske skilnadane som finnes i Norge.

Med beredskap meiner vi, at jorda blir drifta på ein slik måte, at ho ikkje blir forringa. Kriteriet her må være, at det finnes ein eller fleire typar produksjon til vidare sal.

Overproduksjon og import

- Vi vil krevje langsiktig tenking i forhold til investeringar i landbruket. Tilskot bør ikkje trekkast bort, fordi det plutseleg er vorte overproduksjon.
- Mindre einingar, fordelt over større del av landet og med grunnlag i nærliggande areal, må også vise att i investeringstilskota.
- Aukande interesse frå forbrukar, for direktesalg frå bonde?

Kornareal

Vi må auke prisen på korn, slik at vi får auka kornproduksjonen vår.

Kornareala på austlandet og i Trøndelag, må haldast i hevd. Nedgangen i kornareal, må stoppast og snus. Grovforproduksjon bør ikkje overta, for korareal.

Agroøkologi

SFBS ynskjer at agroøkologi og agroøkologisk drift, skal inn som del av jordbruksforhandlingane. Det bør lagast eit eige tilskot, til dei som vil drive agroøkologisk.

I større og større grad, blir matproduksjon sett på som industri. Forvaltning av landbruksområde, for oppretthalding av naturmangfald og artsrikdom, må inn som del av jordbruksforhandlingane.

Drift av landbruksjord i samhandling med nærliggande natur og geografiske ressursar, må i sterkare grad enn i dag, bli ein del av framtidstenkinga i landbruket.

Økologisk

På same måte som med agroøkologisk drift, så må også økologisk drift styrkast.

Strukturtillegg

Strukturtillegget bør aukast for fyrste trinnet. Altså opp til 23 kyr. I 2018 fekk vi strukturtillegg på melkekyr. Fyrste trinnet opp till 23 kyr, fekk 1400 pr. dyr. Vi vil auke dette.

Ulike kravområder.

- Den årlege prisveksten skal leggest til, før forhandlingane tar til.
- Krav om meir langsiktig tenking, når det gjeld tilskot.
- Investeringsstilskot, må rettast endå meir mot ombygging, omlegging drift og langsiktig drift.
- Styrking av velferdsordningane.
- Satsing på landbruksrelatert forskning, utvikling og utdanning. Satsinga må også rettast mot agroøkologisk drift.
- I tillegg må avlingssskadeordninga endrast til å gjelde kultur for kultur.